

Historisk bakteppe for forsamlingstenkinga i bedehusland

Av Johannes Kleppa

Fram til slutten av 1800-talet

Det historiske bakteppet går sjølvsagt heilt tilbake til aposteltida, og bakafor det til Israel som Guds folk/kyrkjelyd/forsamling. Israel vert første gongen definert som forsamling (Israel-lyden) knytt til påskelammet og utvandringa frå Egypt (1 Mos 12). Seinare leira dei seg systematisk som lyd/forsamling/kyrkjelyd rundt tabernaklet som Guds nærvær i folket. I NT vert denne tanken ført vidare ved at Guds folk kjem saman på kvar sin stad, og det er eit heilag, utvald, elska folk i Jesus Kristus (jfr. innleiinga til breva). I kyrkjelyden/forsamlinga lyttar dei til Ordet og tener Gud og kvarandre gjennom bøn og nådegåver. Slik veks Guds kyrkjelyd/forsamlinga/Kristi lekam (jfr. Rom 12, 1 Kor 12-14, Ef 4).

Sjølv om dette er det fundamentale historiske bakteppet, går eg ikkje meir inn på dette. Dei som vil arbeida vidare med det, kan lesa Brynjulf Hoas: Guds menighet, Lunde forlag 1979.

Ved reformasjonen vart kyrkjetenkinga reformert og fornya ved «gjenoppdaginga» av «rettferdiggjering ved tru». Kyrkje- og embetstenkinga (som alt anna i luthersk kristendomsforståing) fekk sitt orienteringspunkt og si kraft frå læra om rettferdiggjeringa. Artikkelen om rettferdiggjering ved tru vart den læresetninga som kyrkja står og fell med. Det kyrkjelege embetet eller forkynnartenesta er til for at folk skal koma til den rettferdiggjeringe trua (jfr. samanhengen mellom CA 4 og 5). Av denne grunnen er nådemidla svært viktige i ei evangelisk-luthersk kristendoms- og kyrkje-forståing, særleg Ordet og forkynninga, jfr. at den lutherske kyrkja er karakterisert som «Ordets kyrkje».

Dette vart ytterlegare forsterka ved pietismen si vektlegging av forkynninga og det at Guds folk kom saman. Her fekk vi også dei små forsamlingane (konventiklane) som fungerte innan den større kyrkjesamanhengen eller den offentlege gudstenesta for alt folket, jfr. uttrykket kyrkje i kyrkja.

Den norske bedehusrørsla med sine venesamfunn/forsamlingar har sine sterkaste røter i den luthersk-pietistiske kristendomsforståinga, slik den i forlenginga av haugianismen særleg vart forma av rosenianismen. Det utfaldar eg meir i artikkelen artikkelen «Jacob Traasdahl – kristendomsforståinga og kyrkjesynet» (i «Motstand og tilbedelse, festskrift til Roald Nikolai Flemestad, Arken-serien 2013). Tilsvarande er det langt på veg også i Sverige og (særleg) i Danmark. Hovudsaka her er forkynninga av Guds ord, og at det skjer ved lekmenn, altså at ein er retteleg kalla til dette når ein har Guds kall og Guds folks kall til dette på ein eller annan måte (det indre og det ytre kallet).

Den luthersk-pietistisk-rosenianske tenkinga vil kom fram i det eg vidare skriv knytt til utviklinga på bedehuset frå slutten av 1800-talet og utover 1900-talet. Ein grundig gjennomgang av denne utviklinga finn ein hjå Mikkel Vigilius: Kirke i kirken, LogosMedia 2005. Dette er ei litt popularisert utgåve av doktorgradsavhandlinga hans (500 sider). Hovudtyngda ligg i å presentera kyrkjetenkinga i Scandinavia på 1800- og 1900-talet. Han gjer det like til starten på 2000-talet. Det skjer på bakgrunna av ein kortfatta presentasjon av kyrkjetenkinga før 1800-talet, særleg ved Luther og pietismen. Eg meiner han treff godt også for norske forhold.

Opphavet til og grunnlaget for lekmannsrørsla/bedehuset

Dei to store «spranga» i norsk kyrkjeehistorie etter kristninga er reformasjonen på 1500-talet og pietismen på 1700-talet, særleg ved haugianismen, vekkingrørslene og misjonsorganisasjonane på 1800-talet.

Mykje av framstillinga i det vidare byggjer på underteikna si framstilling av Indremisjonsforbundet si 100-årshistorie (Ordets folk, Sambåndet forlag 1998). Sjølv om framstillinga med det i stor grad byggjer på Indremisjonsforbundets historia, ville hovudlinene vorte dei same om vi hadde dreg inn historia til fleire av bedehusorganisasjonane – sjølv om vi ville funne visse nyansar. Vi kunne også fått fram nyansar ved å gjera det geografisk breiare, men med tanke på dagens faktiske situasjon, ville ikkje det hatt store konsekvensar. Det som kan ha konsekvensar for dagens forsamlingsbygging, er at bedehusorganisasjonane på nokre område har gått ulike vegar, t.d. når det gjeld tenestedelinga mellom mann og kvinne og forholdet til moderne karismatikk. For Vestlandet (som lenge også omfatta Sørlandet) var Broderringen på Vestlandet i stor grad representativ for alle heile bedehusarbeidet. Her hadde forkynnarane og leiarane eit felles møte- og drøftingspunkt.

Samstundes som det kan seiast å vera «sprang» i det som skjer frå reformasjonen av, er det mest kontinuitet og utvikling. Den kristendomsforma som kom ved reformasjonen og læra om rettferdiggjering ved tru, ligg i botnen av det som vidare skjer, og det kan forklarast ut frå denne kristendomsforståinga. Det som for vår del er viktigast, er i første omgang det som kom ved pietismen og som del av denne ved rosenianismen. Pietismen oppstod i Europa på slutten av 1600-talet, og kom til oss som det vi kallar «statspietismen» på 1700-talet, særleg knytt til skulelovgevinga og konfirmasjonen, men også misjonstiltak (Misjonskollegiet) og som lærevern (Konventikkelplakaten).

Først ved Hans Nielsen Hauge og haugianismen kom pietismen med styrke som åndsrørsla som gav seg utslag i vekking, misjon og forsamlingsliv på bedehusa (og langt på veg tilsvarande i dei frikyrkjelege samanhengane både av luthersk og ikkje-luthersk karakter – bortsett frå den katolske kyrkja, sjølv sagt).

I kortform kan vi formulera hovudsaka i pietismen i fem punkt – og dette kom til å prega bedehuset:

- 1) Det personlege livet med Gud, jfr. frelsesspørsmålet.
- 2) Forkynning av Guds ord, ut frå at Ordet er påliteleg og virkekräftig, jfr. misjon
- 3) Guds folk må koma saman til oppbygging og teneste, jfr. forsamlinga.
- 4) Guds folk skulle tena gjennom diakoni og skulearbeid.
- 5) Livsførselen må vera slik at ein seier nei til det som vil øydelegga gudslivet.

Dette vart del av haugianismen, som konkretisert dette i norsk samanhengen, og som samstundes gav det ei utvida form og norsk særpreg:

- 1) Vekta på Guds ord og forkynninga ført til fri lekmannsforkynning, som vart det berande i lekmannsrørsla og bedehusarbeidet.
- 2) Det vart lagt vekt på det allmenne prestedømet («det lutherske kyrkjeprinsippet»). Dette grunn gav både lekmannsforkynninga og ei brei teneste ut frå venesamfunnet/bedehuset både for menn og kvinner, jfr. den frie bøna, det frie vitnemålet og den åndelege samtalen. Det vart samstundes lagt stor vekt på det åndelege leiarskapet, jfr. eldste.
- 3) Det var også eit sterkt samfunnsansvar, jfr. Hauges næringsliv og haugianarar i politikken. (Dette punktet er mindre viktig for vårt tema, og eg går difor ikkje vidare inn på det.)

Den første tida var det lekmannsarbeidet som sprang ut frå Hauge, uorganisert, bortsett frå det som gjaldt personleg autoritet og tilknytting til Hauge og andre sentrale haugianarar. Det var nesten som eit ideal i starten, men det hadde like mykje med kyrkjesituasjonen å gjera. Det var rett og slett ulovleg å organisera eit sjølvstendig lekmannsarbeid med ei fri lekmannsforkynning før konventikkelplakaten vart oppheva i 1842. Same året vart Misjonselskapet stifta, etter at det alt var nokre misjonsforeiningar. Frå 1850-talet fekk vi indremisjonsforeiningar, og seinare skaut foreiningsstiftinga verkeleg fart (jfr. «assosiasjonsånda»). (Ikkje-lutherske kyrkjesamfunn var ulovleg fram til 1845 då vi fekk Dissentarlova.)

Den første forsiktige organiseringa var altså knytt til foreiningar for ytremisjon, og då gjerne med presten (og prestefrua) i spissen. Då stovene vart for små og for upraktiske for dei haugianske samlingane, bygde dei eigne forsamlings-salar og deretter bedehus. Det første bedehuset har vi rekna haugianarane bygde i Hjelmeland i 1840, noko presten lika dårleg, trass i at det vart brukt ved kyrkjegang (seinare har ein funne at det truleg var eit i Strand kommune frå 1837). Det var først etter Konventikkelplakaten var oppheva, den fri forkynninga auka og vekkingane kom, at det vart skipa foreiningar og bygde bedehus i stort tal. Alt dette skjedde i starten i stor grad innan ramma av Den norske kyrkja og presteembetet. Særleg siste halvdel av 1800-talet stod det ein sterk kamp om den frie lekmannsforkynninga, og då slik forkynning vann fram, kunne ein sterkare organisera eit fritt arbeid og også tenkja i lys av eigne forsamlingar med full nådemiddelforvaltning, og eventuelt også frikyrkje.

Den utviklinga som var på gang frå byrjinga av 1800-talet ved haugianismen, vart forsterka ved «den johnsonske vekkinga» som professor Gisle Johnson stod i spissen for frå ca 1850 og 20-30 år framover, og delvis av «den lammerske vekkinga» omtrent på same tida og i Nord-Noreg ved læstadianismen. Johnson hadde eit klarare syn i lov og evangelium, og med det ei sterkare evangelieforkynning enn i haugianismen. Sidan Johnson var prestelærer, gjekk vekkinga ved han i stor grad via prestane. Den johnsonske vekkinga fekk nok større verknad på Austlandet enn på Vestlandet.

På Sør- og Vestlandet slo rosenianismen særleg sterkt gjennom frå 1860-talet. Forkynninga her var ikkje så forskjellig frå hjå Johnson, men nok med sterkare vekt på «kom som du er», og evangeliets frigjerande kraft her og no. Dette skapte dei største vekkingane landet vårt har sett. Det førte til eit omfattande lekmannsarbeid for indre og ytre misjon med bedehuset og emissæren i sentrum, men også med eit stort diakonalt arbeid og skularbeid. Det er dette arbeidet vi står på akslane til når vi arbeider med forsamlingsspørsmålet anno 2016. Den såkalla «Oftedal-vekkinga» var omtrent i same perioden som rosenianismen braut skikkeleg gjennom.

I Ordets folk s. 19-32 finn ein meir om dette, samt s. 13-18 som fokuserer særleg på vekkingane som livsnerve i bedehusarbeidet.

Glimt frå kyrkjetenkinga frå starten av 1900-talet

Som nemnt, var alle hovudsakene i kyrkjesynet utmeisla i og med reformasjonen, og dei fekk i all hovudak si praktiske utforming i og med pietismen. Det var likevel nokre spørsmål av prinsipiell teologisk karakter det var (og delvis er) ulike oppfatningar av. Det går særleg på embetssynet, og då knytt til forkynninga og sakramentforvaltninga. Ligg dette til den som er ordinert som prest (personalt), eller ligg det i det allmenne prestedømet og vert utøvd av dei Guds folk kallar til det (funksjonalt)? Jfr. spørsmålet om å vera rettleig kalla.

Spørsmålet om forkynninga, altså fri forkynning ved lekmenn, var i hovudsak avklart fram mot år 1900 – delvis via teologisk drøfting og delvis ved at lekmannsforkynninga i praksis braut seg sitt eige livsrom. Gjennom debatten om fri nattverd, og litt seinare debatten om fri dåp, vart det ført både ein prinsipiell og ein pragmatisk argumentasjon som viste kyrkje- og embetstenkinga totalt sett. Det same skjedde for ein del i spørsmålet om frikyrkje også. Eg går ikkje djupt inn på desse problemstillingane, men tek med hovudmomenta og viser tenkinga ved nokre sitat.

Fri nattverd

Det var i hovudsak to grunnar for at spørsmålet om fri nattverd (altså nattverd forvalta av andre enn den ordinerte presten) vart reist. Det ein var måten nattverden vart forvalta på i kyrkja, særleg kravet om absolusjon før nattverdgang. Dessutan var det mange stader sjeldan nattverd i kyrkja. Det andre – og nok det viktigaste – var trongen for nattverden i forsamlinga på bedehuset, særleg med tanke på nattverden som samfunnsmåltid. Her er det på sett og vis ein parallell til arbeidet med sterkare forsamlingsbygging på bedehuset no. Det har delvis sin grunn i utviklinga i kyrkja og delvis i situasjonen på bedehuset.

Det hadde vore nokre tendensar til fri nattverd på slutten av 1800-talet, men spørsmålet vart reist med tyngde av Broderringen på Vestlandet ved sommarskolen på Framnes i 1906. Utgangspunktet var den nøden kristenfolket var komne i med tanke på nattverdpraksisen. Kyrkjekommisjonen av 1911 rådde til at nattverden skulle vera fri, som Ordet var fritt. Dette vart fylgt opp ved lov av 1913, og då kunngjorde kyrkjestatsråd Aasulv Bryggessaa: «Um nadverdforvaltning er å segja, at det for dei einskilde kristne no er fritt akkurat på same måte som ved bruk av Guds ord.»

Her det det viktig å merka seg det prinsipielle som ligg i at nattverden og Ordet vert stilte på lik line, og dei er begge frie for Guds folk. Det er altså ei orientering ut frå det allmenne prestedømet. Det vert så eit pragmatisk spørsmål om ein vil nytta seg av denne fridomen eller ikkje. Svaret på det vert avgjort ut frå kva ein finn tenleg og naudvendig. Forkynninga av Ordet var mest påkrev ut frå Ordets karakter som atterfødingsmiddel, og forkynning til vekking og nytt liv. Det var lenge nokså stor usemje i og mellom lekmannsorganisasjonane om fri nattverd, men det vann seg over tid plass, og er no i stor grad allment akseptert og breitt praktisert.

I Ordets folk s. 98-102 er tenkinga rundt fri nattverd grundigare forklart.

Frikyrkje

På slutten av 1800-talet og første delen av 1900-talet var det ein nokså brei diskusjon om statskyrkja, både med tanke på å reformera denne og/eller danna ei frikyrkje med utgangspunkt i Den norske kyrkja (Dnk) eller med utgangspunkt i bedehuset og lekmannsarbeidet. Mykje av lekfolket hadde ikkje tru på at bibelske reformer av Dnk var moglege. Dei ville då anten satsa på bedehuset og lekmannsarbeidet innan Dnk, eller dei ville danna ei frikyrkje. Inspirasjonen til det siste kom teologisk særleg frå Skottland og politisk frå frigjeringa frå Sverige. Slagordet for desse var «ei fri kyrkje i ein fri stat».

Indremisjonsforbundet gjord på rådsmøte og årsmøte fleire vedtak om å arbeida for frikyrkje. Det gjorde ikkje Misjonssambandet. Også Broderringen gjorde vedtak om frikyrkje, og dette kan på mange måtar seiast å vera representativt for denne tenkinga:

«Da det aandelige broderskabs sammenslutninger og især indremissionsforeningerne maa ansees som menigheder i bibelsk forstand langt mer end statskirkens menigheder, saa maa indremissionen mere og mere selvstendigjøres og der maa arbeides med det bevidste maa, at den kan danne grunnlaget for den frie kirke i Norge.»

Det prinsipielle som ein her bør merka seg, er at dei definerte indremisjonsforeningane, altså venneflokkane på bedehusa, som «menigheter». Gustav Ballestad (og andre) omtalte til tider flokken på bedehuset som «menighet» og leiarane på bedehuset som «eldste». Ordet «indremisjon» vart ofte brukt slik at det representerte bedehusfolket generelt, ikkje primært ein organisasjon.

Grunnen til at arbeidet for frikyrkje ebba ut og ikkje vart realisert, har truleg fleire grunnar:

- 1) Det var aldri kraft nok i frikyrkjetanken på bedehusgrasrota.
- 2) Kampen mot den liberale teologien lukkast i stor grad gjennom Menighetsfakultetet og Calmeyergatemøtet med Ole Hallesby i spissen. Det gav mange gode og vekkingorienterte prestar.
- 3) Det var mykje vekking innan den kyrkjeramma ein hadde, og kristenfolket var opptekne med vekkingane og alt som fylgde i kjølvatnet av desse.
- 4) Ludvig Hope si meir pragmatiske tilnærming til spørsmål og hans store føredrag (nesten tre timar!) om erfaringa frå Amerika-reisa si og kyrkja som Guds folk slo sterkt gjennom, og gav frikyrkjetanken ein knekk.

Det prinsipielle i saka hadde med dette like fullt vorte langt klårare enn før. Kyrkja er Guds folk, og dette folket finn ein i veneflokken/-samfunnet på bedehuset, og med det høyrer prinsipielt sett alt til på bedehuset som høyrer menigheten/kyrkjelyden/forsamlinga til. Det vert eit spørsmål om kva ein finn tenleg korleis ein organiserer arbeidet, og kva av nådemidla ein nyttar på bedehuset.

Resultatet vart i praksis at ein bygde opp eit stadig større og meir organisert arbeid på bedehuset, særleg ved eit omfattande forkynnararbeid, eit gjennomorganisert barne- og ungdomsarbeid, eit omfattande song- og musikkarbeid og diverse andre tiltak. Slik bygde ein i stor grad opp arbeidet ut frå ei bibelsk forsamlings-/kyrkjetenking utan å gjera det formelt som kyrkjesamfunn/frikyrkje. Samstundes var det med denne måten å gjera det på, mykje som ein framleis overlet til Dnk og skulen – særleg kristendomsopplæringa, men også konfirmasjon, vigsle og gravferd.

1930-åra er omtalte som bedehusets gullaldrer. I tillegg til det som fysisk skjedde på bedehuset og i misjonsforeningar kom diakonale tiltak, skulearbeid og mediearbeid. Fra ca 1960 fekk ein også leirstader, og frå rundt 1970 barnehagar.

Ein la stor vekt på den sanne og sunne læra, og det å velja leiarar og kalla medarbeidarar som stod på Ordets grunn, jfr. Calmeyergatemøtet/-lina. Dette hadde ein i det fri lekmannsarbeidet langt betre høve til enn i den offisielle statskyrkja.

Meir om dette Ordets folk s.102-106 og 127-132

Fri dåp

Spørsmålet om fri dåp vart særleg reist frå rundt 1920, sjølv om det også hadde vore framme før. I samband med nattverdsspørsmålet hevda Ludvig Hope på Broderringsmøtet i 1906:

«Brødre : Brug ikke eders kraft paa at organisere statskirken, den lader seg ikke organisere; men brug eders tro, bøn og forsagelse til som Guds folk at faa vor ret i statskirken: Vor bibel, vort nadverdbord og vor daap.»

Her vert altså alle dei tre nådemidla sette på lik line, og med det behandla teologisk prinsipielt likt. Den gongen var fokuset særleg på nattverden, som det hadde vore på Ordet tidlegare, og som dåpen kom i fokus seinare. Nokon ny argumentasjon kom ikkje til, prinsipielt sett. Argumenta var av meir pragmatisk grunn då fri dåp kom opp som eige spørsmål.

Det var Broderringen (som på denne tida hadde ein sterk posisjon for heile Vestlandet) som stod i front også med tanke på fri dåp. Dei tenkte då på dette som heimedåp, ikkje som bedehusdåp. Det er likevel kort veg frå heimedåp til bedehusdåp, både prinsipielt og pragmatisk sett. I 1922 laga Broderringen eit «Forslag til lov om heimedåp». Hovudsaka var her å koma kyrkjerettsleg til rette med fri dåp, altså dåp utført av andre enn presten i Dnk. Som «motivering» for framlegget, heiter det:

«Me trur at frigjeringi av daapen vil skapa større syn hjaa mange for det verdet barnedaapen har, og dermed hindra dei fraa aa gaa ut or statskyrkja. Daapsfridom vil ogsaa hjelpa yver andre av dei vandskar som kyrkjestridenten skapar.»

Kyrkjestridenten som det vises til var, var den kampen som hadde ført til opprettinga av MF og som kulminerte i Calmeyergatemøtet. På denne tida hadde den nye pinslerørsla etablert seg med sin vaksendåp/truandes dåp. Dette skapte uro og strid ein del stader, med «fisking i rørt vatn».

Den prinsipielle (til dels også den pragmatiske) tenkinga for fri dåp var med dette langt på veg komen på plass. Det vart likevel ikkje noko av den lova som det vart gjort framlegg om, og det vart heller ikkje fri dåp i stort omfang, sjølv om heimedåp for ein del vart praktisert – mest av geografiske og praktiske grunnar.

Grunnen til at det ikke vart gjennomført fri dåp av noko omfang, var nok i hovudsak av same grunnane som at det ikkje vart noko meir med frikyrkjetanken. Dessutan er dåpen ei eingongshandling som ikkje har med samfunnet på bedehuset å gjera på same måten som nattverden. Difor var det ikkje sammen trongen for dåp som atterfødingsmiddel på bedehuset som nattverd som samfunnsmåltid.

Eg tek ikkje her opp debatten om bedehusdåp som kom på 1990-talet, og som har resultert i den situasjonen vi no har på mange bedehus.

Til meir om fri dåp, sjå Ordets folk s. 132-137 (og kort om den siste debatten s. 336-337)

Den siste tida

På det prinsipielle og praktiske planet skjedde det ikkje noko vesentleg nytt i Bedehus-Noreg ut over det vi no har skisser, før vi kom fram mot slutten av 1900-talet og etter årtusenskiftet. Det som i stor grad då tvang fram ei nytenking, var ein kombinasjon av den negative utviklinga i Dnk, ved MF, i teologien generelt og i skulen, og i svekkinga av arbeidet knytt til bedehuset, særleg ved at omfattande vekkingar generelt har uteblitt i fleire tiår. I tillegg har Dnk etter siste verdskrigen bygd opp eit stadig meir omfattande og organisert arbeid ut over gudstenesta og dei kyrkjelege handlingane, særleg knytt til barne- og ungdomsarbeidet og trusopplæringa.

Dette har skjedd den siste generasjonen, og eg tek ikkje dette opp her – sidan eg ikkje reknar dette som ein del av «det historiske bakteppet» for det pågåande arbeidet med forsamlingsbygging, men som uttrykk for den aktuelle situasjonen som utfordrar oss, og som vi må finna ein veg inn i og gjennom. Skal fokuset på forsamlingsarbeid vera i historisk kontinuitet med lekmannsrørsla og bedehuset, er det viktig at totaliteten i dette arbeidet vert ivareteke – både med tanke på breidde i arbeidet (arbeidsgreiner), teologi, ideal og siktemål.